

Årsmelding for Sveio Orienteringslag 2021



Årsmøte blei halde på Førde Samfunnshus torsdag 29. april 2021.

Desse blei valde til å leia arbeidet i laget i det komande året:

Hovudstyret:

Thomas Førde attval for 1 år

Kjetil Fiskå ikkje på val

Kristian S. Førde ikkje på val

Karl Inge Instefjord attval for 2 år

Astrid Førsund attval for 2 år

Varamedlemmer til hovudstyret:

Geir Milford 1. varamedlem, attval for 1 år

Hjalmar Lokna 2. varamedlem, attval for 1 år

Øystein Opedal 3. Varamedlem, ny, valt for 1 år

Turorienteringsutvalet:

Thomas Førde attval for 1 år

Astrid Førsund ikkje på val

Karl Inge Instefjord ikkje på val

Olaug Fagerland attval for 2 år

Leif Grutle attval for 2 år

Alice Enerstvedt ny, valt for 2 år

Revisor:

Jostein Ottesen attval for 1 år

Diverse:

Utsendingar til Rogaland O-krets sitt ting:

Kjetil Fiskå og Thomas Førde

Utsendingar til årsmøte i Sveio Idrettsråd:

Astrid Førsund og Karl Inge Instefjord

Utsendingar til årsmøte i Førde Samfunnshus:

Karl Inge Instefjord, vara Hjalmar Lokna

Astrid Førsund, vara Geir Milford

Medlemstal, register og innkrevjing av kontingent

89 medlemmer er registrert, mot 93 ved førre årsskifte. Laget er blitt tvinga av Norges Idrettsforbund til omlegging av innkrevjinga av medlemspengar. Frå og med 2020 måtte innkrevjinga skje digitalt. Det har vore ei krevjande omstilling, både for oss som lag og for medlemmane. Kristian, kasserar, har brukt mykje tid til å setja seg inn i og til å setja ut i livet det nye systemet. Mange av medlemmane har slite med å finna ut av det nye betalingssystemet. Det kan vera forklaringa på at fleire registrerte medlemmar framleis ikkje er registrert med innbetaling for 2021.

Omlegginga vil truleg bety at for nye og potensielle medlemmar vil det vera ein høgare terskel å melda seg inn. Innmelding skal fortrinnsvis skje ved at nye medlemmer registrerer seg sjølve på Idrettsforbundet sine sider. Her kan folk koma til å oppleva ei digital sperre og dermed i verste fall droppa innmelding.

Me kan i første omgang laga ei enkel oppskrift på innmelding til laget og leggja denne inn i tur- o-konvolutten. Same oppskrifta kan me repetera på Facebook-sida vår.

Kart-arbeid

Det nye o-kartet over Førde sentrum, med Strando og RexGarden, blei tatt i bruk i samband med årets 14 sommarpostar og til rundløypa, som var eit av aktivitetstilboda under årets Finn Fram dag. SOL har fått innvilga søknad om spelemidlar til prosjektet. Desse vil først bli utbetalt etter søknad når heile prosjektet er ferdig. Synfarar og kartteiknar Ørjan Ravndal skal i løpet av 2022 synfara og teikna ferdig ytterkantane av kartet, som skal takast i bruk til kretsløp i sprint-orientering laurdag 11. juni.

Konkurranseorientering

Eigne arrangement:

Første del av sesongen blei amputert over heile landet, også i 2021 på grunn av covid-19. Men eitt nær-o-løp fekk me arrangert. Start og mål var lagt til Vandaskog, til same arena kor me arrangerte VM i langdistanse individuelt og i stafett-orientering i 2013.

Også denne gongen viste det seg at arenaen skapte ei fin ramme rundt arrangementet, som blei avvikla tysdag 31. august i flott seinsommarver.

Kjetil og Thomas laga fem ulike løyper og 53 deltakarar frå Nord Rogaland og Sunnhordland stilte til start.

Deltaking i andre o-løp:

Ettersom store delar av konkurrancesesongen blei avlyst, blei det svært få startar på laget sine løparar. Jamvel det store ferie-o-løpet i Sverige, O-ringene, fem-dagars løpet, blei avlyst også i år. Kjetil har deltatt i nær-o-løp. Det same har Kristian gjort i Oslo-området, mellom anna i tevlingar i nattorientering. SOL hadde dessutan fleire deltakarar i nær-o-løpet på heimebane ved Vandaskog i august.

Tur-orientering

Sal av kart og materiell viste ein liten auke i høve til rekordsesongen før. Korona-restriksjonar om våren når det gjaldt arrangement, reising og aktivitetar førte til at mange fann turorientering som ein trygg og spennande friluftsaktivitet.

Nærtrim/Barnas Tur-o

Dette er ei enklare form for turorientering, som samtidig har passande utfordringar også for vaksne, som vil prøva tur-o med 20 ulike postar. Kvar post er markert med raudde og kvite flagg og i tillegg står det på flagget skrive nummeret til posten og to bokstavar som registreringskode. Kvar post er også utstyrt med ei teikning som ein finn att på kontrollkortet i eiga rubrikk ved kvart postnummer.

Fire ulike kart og terrenge blei nytta med fem postar i kvart område: 1)På Sveio-Vest-kartet ved Paddevegen og Fjellstad. 2) I Førde i terrenget vest for skytebana. Men desse postane måtte flyttast etter få veker på grunn av protestar frå Sveio Jeger og Fisk. Postane blei deretter lagt til terrenget mellom Førde Samfunnshus-Brakkemyr og Grutledalen. 3) I Auklandshamn nær skulen. 4) I Valevåg/Einstabøvoll i Eivindsmarka.

Familie-tur-o

Årets seks kart og terrenge-område inneheldt til saman 80 tur-o-postar.

1. Valestrandfjella: Lengst nord i Sveio kommune, kunne turen starta frå minst tre ulike kantar, frå Avlesset sør for Vihovda ved E39, frå Staupe nord for Håvardsholm ved Ålfjorden og i nord frå Bjørgjo/Haugsbu. Kartet var lasta ned frå portalen Mapant og er ikkje synfart og teikna spesielt for bruk i orientering. Det manglar ein del stiar og bekker på kartet, men høgder og topografi er nøyaktig teikna. Dette var den mest krevjande turen i årets tilbod, den mest utfordrande og den som gav mest utsyn.

2. Lierfjellet rundt: Parkering kunne skje på Hanaleite i Førde eller i andre enden av løypa, ved speidarhytta på Lier. Postar var lagde ut frå midten av Hanabrekka og vidare på vestsida av Lierfjell ned mot Mørkavatnet på Drange og sørover mot Liervatn og fram mot gardsbruken på Nedre Lier.



3. Auklandshamn: Her blei det laga ein innhaldsrik tur med start frå Auklandshamn skule og sørover langs turstien, som fører til Emberlandsnipen og ikkje minst fram til den nye dagsturhytta, Nipastova. Det er gode parkeringstilhøve ved skulen og ved butikken i Auklandshamn.

4. Vandaskog/Kleivo/Eltravåg: Stor parkeringsplass ved tidlegare Vandaskog skule. Turen kunne starta i sør ved gardsbruket Kleivo. 12 ulike postane låg i ope og terrenget med varierande kupering kor du vil oppnå flott utsikt sjølv om toppane ikkje ligg så høgt over havet.

5. Ryvarden-marka: Parkering og start frå Mølstrevåg. 15 postar blei lagde ut på begge sider av gangvegen vestover mot Ryvarden fyr. Her møtte deltakarane eit variert og småkupert terrenget med innslag av opne myrar og låge småkollar. I dette terrenget gjeld det om å følgja nøyne med på kartet og gjerne bruk kompass som støtte for å sikra at ein går i rett lei.

6. Vikse -Straumen: Eit heilt nytt område for turorientering er terrenget mellom Vikse og Straumen og rundt Straumsvoll-vatnet. Her er lange strekningar med tydelege og godt merka turstiar, tilrettelagt av den lokale eldsjela Svein Magne Vikse. Han har lagt ned eit stort arbeid med rydding og tilrettelegging av turstiar med skilt, oppslag om kulturminne, gjerdeklyvar og bruver. Postane i dette området låg i nærleiken av turstiar. Det låg godt til rette for starta i aust, kor det er laga ein P-plass tett ved Gullvegen og i nærleiken av ruinane etter Fantahytta.

Kaffipost


Vårens kaffipost søndag 6. juni blei arrangert under varmende sommarsol. Posten var lagt til den nye dagsturhytta i Sveio, Nipastovo, som ligg like ved turstien mellom Auklandshamn skule og toppen av Emberlandsnipen. Tur- o-utvalet i Sveio O-lag utstyrte kaffiposten med eit frodig tilbod av kaker, bollar, saft og kaffi. Dei vel 50 tur-o-gåarane som stakk innom, kunne nyta baksten på Nipastovo sin flott terasse med utsyn til alle kantar. Mange av deltakarane denne søndagen la turen innom nokre av dei 15 postane, som låg ute i terrenget langs stien til Nipen.

Sal av tur-o på internett og i butikk

Etter særstør oppslutning om turorientering i den første korona-sesongen, 2020, blei 2021-sesongen minst like bra. Me oppnådde rekordhøgt sal med 191 selde konvoluttar/pakkar, 137 familiekonvoluttar og 54 av Barn/Nærtrim. I tillegg blei det selv heile pakkar via internett og fleire kart blei lasta ned frå nettsida vår på turorientering.no. Dermed blei det i 2021 selv om lag 200 tur-o-pakkar totalt.

Me hadde avtale med fire butikkar som selde tur-o-pakkar for oss: Haukås Bensinstasjon, Førde Daglegvare, Valevåg Nærbutikk og Auklandshamn Handel.

Antall deltagarar TurO på nett, Sveio O-Lag



Nyhende 1: QR-kodar:

Dei aller fleste tur-o-postane blei i 2021 utstyrte med QR-kodar. Dermed kunne deltagarane umiddelbart registrera kvart postbesøk via app på smarttelefonen medan dei var ved posten.

Nyhende 2: Sommarpostar:

I Sveio O-lag har me ved fleire høve vurdert å setja i gong med tilbodet Stolpejakt i tillegg til tradisjonell turorientering. Førrebels har me kome fram til at det vil bli for arbeidskrevjande for vårt vesle lag å ha driva to parallelle tilbod. I 2021 valde me å ta i bruk stolpar som kontrollpostar i to sommarløyper. I alt 14 stolpepostar blei sett ut i området Rex Garden, Strando/Prestabryggjo og langs elvastien i retning kyrkja.

Stolpane, som var malte med raud og kvit farge i toppen og utstyrte med QR-kodar, blei sett ut like før skuleferien tok til og stod ute resten av tur-o-sesongen. Om lag 30 tur-o-deltakarar registrerte besøk ved stolpepostane. Sommarpostane var teikna inn på det nye sprint-o-kartet over Førde sentrum. Kartet kunne lastast ned frå nettsida www.turoreintering.no.

Sesong	Konvolutter Solgt	Ekstra Klippekort Solgt	Turpakker Solgt	Turer solgt	Omsætning På nett	Total Omsætning	Avgift (15%)
2021	191	0	4	27	2 392,00	42 042,00	6 306,30
2020	188	3	12	7	2 145,00	34 235,00	5 135,25
2019	149	1	0	0	0,00	25 430,00	3 814,50
2018	142	7	0	0	0,00	24 410,00	3 661,50
2017	156	2	0	4	150,00	26 510,00	3 976,50
2016	155	5	3	0	400,00	26 550,00	3 982,50
2015	142	6	0	6	0,00	23 940,00	3 591,00
2014	149	5	2	0	400,00	25 550,00	3 832,50
2013	187	15	0	0	0,00	32 050,00	4 807,50

Tabellen viser samla sal av begge konvoluttane, Familie og Nærtrim/Barnas Tur-o. Salet av Nærtrim-pakkar var på vel 50. Elles gledeleg vekst i salstala, ikkje minst på internett.

Finn Fram dagen

Etter langvarig arrangement-tørke såg det ut til at svært mange gledde seg over å kunne bli med på Finn Fram-dagen, som blei arrangert på Strando i Førde søndag 29. august.

Deltakarane fekk prøva mange ulike aktivitetar. Førde-speidarane kunne tilby kajakk-padling på grunt vatn. Sveio O-lag kunne sjølv tilby speed-orientering i ei løype som delvis gjekk på sandstranda medan det var fjæra sjø. Bua-speidarane hadde laga kviss. Dertil kunne deltakarane i rundløypa med o-tekniske oppgåver, prøva seg på pilkast før dei besøkte kiosken med pølser, kaker, saft og kaffi. Premie til alle som fullførte rundløypa blei delt ut ved målpassering. Dessutan var det premierung til dei beste i pilkastkonkurransen, loddtrekking av premiar i speedorientering og i tillegg blei det trekt ut premiar blant alle deltakarane i årets arrangement.

Under Finn Fram-dagen blei dei åtte aktivitetspostane i rundløypa registrerte som eigen tur på www.turorientering.no. Dermed kunne deltakarane sikra seg åtte ekstrapoeng denne dagen. Rundløypa var teikna inn på det flunkande nye sprint-o-kartet over Førde sentrum.



Årsfest/merkeutdeling



Den tradisjonsrike årsfesten ved sesongslutt laut på grunn av pandemien avlyst i 2020, men gjorde eit skikkelg comeback i 2021, mellom anna med stor festpynta kake.

Rekordmange heidersprisar blei delt ut under årsfesten i Førde Samfunnshus torsdag 11. november. Då årets tur-o-sesong kunne summerast opp, viste det seg at 14 flittige deltagarar hadde gjort seg fortent til plakett av ymse valørar.

Tre av dei aller flittigaste veteranane, Eva Lokna, Lilly Krunenes og Svein Krunenes gjekk alle i år til gullmerke i sine 25. sesongar på rad. Det betyr i praksis at dei tre fortenestefulle vinnarane har besøkt minst 50 postar i skog og mark kvart år gjennom 25 sesongar.

To andre blant veteranane, Edith og Anders Bergmål, blei tildelt kvar sin plakett for å ha oppnådd gullmerket i turorientering 20 sesongar på rad. I tillegg kunne fire ihuga post-jegerar motta sølvplakettar for 10 sesongar med vellukka gullmerke-jakt. Fem deltagarar blei tildelt kvar sin brонseplakett for fem sesongar med gullmerke.

Sveio O-lag kunne oppsummera og feira ein særslig velluka tur-o-sesong, der over 160 deltagarar har registrert seg som aktive, enten via nettportal eller ved å senda inn deltagarkort på papir. 85 av desse besøkte i løpet av sesongen meir enn 50 ulike postar og gjorde seg dermed fortente til å kunne ta imot årets gullmerke.

Nær 200 pakkar med kart og langt over 100 innteikna postar blei selde i løpet av årets sesong. Alle desse tala utgjer rekordar når det gjeld oppslutnaden om Sveio O-lag sitt tur-o-tilbod.

Mellan deltagarane i årets tilbod, Nærtrim/Barna Tur-o, var det 30 deltagarar som besøkte alle dei 20 postane som var fordelt på fire ulike kart og nærområde.



Plakettvinnarar etter 2021-sesongen: Hildegunn Kalleland, Eva Lokna, Sveinung Askeland, Edith Bergmål og Anders Bergmål.

Utstyr

Løpsdrakter blei produserte av Trimtex i 2010 etter vårt design og blei selt til medlemmane for kr. 300 (for vaksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre svært få løpsdrakter på lager. Overtrekkdressar: Det ligg nokre få overtrekkdressar på lager etter fornyinga i 2009.

T-skjorter: I samband med at SOL arrangerte DM Vest i 2014 og at me tok i bruk nytt kart, markerte me desse storhendingane gjennom å spandera på oss nye T-skjorter med påtrykt klubblogo. T-skjortene blei tatt i bruk til alle funksjonærane under DM-Vest. Me har framleis nokre av desse T-skjortene igjen på lager.

Telt: Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement. Klubbfana: For første gong skaffa klubben seg lagsfane eller klubbflagg i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland.

Premie-/gavekrus med klubblogo og namn: I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me investerte i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år har nytta som premiar ved DM/KM og kretslopp. Nokre få er att på lager.

Skulebrikker: Til elektronisk tidtaking i enkle stemne utan bruk av PC har SOL nå eitt klassesett med ekt-brikker. Desse blei kjøpt inn nye i 2016 til erstatning for dei gamle skulebrikkene som diverre hadde mista energien og blitt inaktive og dermed ikkje kunne brukast meir.

Konkurransebrikker: SOL disponerer ca. 30 EKT-brikker.

Fingerkompass: Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gilde-fondet.

Vanlege kompass: Eit klassesett

Luftgevær: 2 stk. blei innkjøpt i 2016 til bruk under Finn Fram dagen.

Framvisar (projector) blei innkjøpt hausten 2015 for at me lettvint skal kunne halda presentasjonar under eigne arrangement.

Sveio O-lag på nettet www.sveiool.org www.facebook.com/sveiool

Kristian S. Førde har utvikla og gjer vedlikehald av laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar mogelegheiter for frodig bruk av bilde og for resultatlister frå eigne arrangement og frå andre arrangement som me har deltagarar i. Nettansvarleg Kristian er og IKT-ansvarleg under laget sine arrangement

Kart:

Førde-sprintkart: Snart ferdig

Ryvarden-marka 1: 10 000 5 m ekv. Ferdig 2013

Tittelsnes Festningen 1: 10000 Årstal ferdig 2009/10

Valestrand skule 1: 2000, 2009/10

Einstadbøvoll 1: 10 000, 2009/10

Einstadbøvoll 2 1: 5000, 2009/10

Auklandshamn 1:10 000, 2004

Auklandshamn skule 1: 5000, 2004

Slettene 1: 5000, 2004

Førde 1:10 000, 1998

Førde nærkart 1: 10 000, 2003

Førde nærkart 1: 5 000, 2003

Førde Prestabryggjo 1: 5000, 2006

Lier 1: 10 000, 2006

Førde skulekart 1: 2000, 2006

Auklandshamn skulekart 1: 2000, 2006

Valestrand 1: 15 000 1973

Kart/løypeitekningsprogrammet: OCAD Orienteering Edition

Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga: (Laget gjorde monaleg omfattande investeringar i postutstyr til DM Vest) Ca 100 postskjermar i bra stand. Dertil hadde laget ved årsskiftet EKT postutstyr til alle postar med kodenr. frå og med 100 til og med 176. I tillegg har me åtte startpostar (Null-postar) og dobbelt sett av postane 100, 110, 120 og 130, pluss post nr. 97.

Tidtakarutstyr: MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar. Lisens til tidtakarprogrammet E-timing